

[Skriv her]

LIRUM LARUM

LYDTEKNIKK - SALG - UMLEIGE - LIRUMLARUM.NO

Storgata 8, 6100 Volda – MOB. 92224165

3.1 Betalingsvilkår

Fakturabeløp under kr.5000,- kontant

Faktura over kr.5000,- Netto pr 7 dagar

3.2 Leveringsvilkår

Mottakar betaler frakt

3.3 Utleigevilkår

1. All utleie skjer frå Lirum Larum sitt lager i Ørsta. Hvis leigd utstyr vert transportert av Lirum Larum til kunde / produksjonsstad, kjem det fraktkostnader i tillegg. Lirum Larum har alltid eigeomsretten til utstyret, og denne blir ikkje under noko omstende overført til leigetakar. Utstyret må aldri innbyggast i, eller samankoplast med annan fast eigeom.

2. Leigebeløpet vert betalt kontant ved leieperiodestart. For kundar med kredittavtale, skal betaling finne stad i fylgje avtale i kontrakt. Ved utleiger som overstig kr. 30.000,00 kan Lirum Larum krevje framlagt bankgaranti for hele leibeløpet før utstyr blir klargjort eller utlevert. Dette gjeld i alle kundeforhold. Misleghald av betalingsvilkår er å sjå som kontraktsbrot. Ved betaling etter forfall, vert det berekna renter av uteståande beløp. Etterberekning av renter skjer normalt innanfor det aktuelle rekneskapsår.

3. Lirum Larum skal når som helst i utleieperioden kunne få høve til å synfare det utleigde utstyret. Dersom leigetakar bryt disse vilkåra, eller mislegheld sin kreditt, kan Lirum Larum med ei veker varsel oppheve den aktuelle og eventuelle andre løpande leigeavtalar. Leigetakar plikter då å straks returnere utstyret, eventuelt gi Lirum Larum sin representant uhindra tilgang til å hente utstyret.

4. Eventuell forlenging av leieperioden må meldast Lirum Larum seinast ei veke før leieperioden sluttar. For sein tilbakelevering av utstyr blir fakturert med standard fyrstedagsleige i tilleggssperioden. Leigetakar er ansvarleg for å uoppfordra returnere utstyret til avtalt tid, eller gi utvetydig beskjed ved forseinking/forlenging av leieperioden.

5. Utstyret skal hentas etter kl. 13:00 på leieperiodens fyrste dag, og returnerast før kl. 12:00 dagen etter leieperiodens slutt. Avbestilling av tinga utstyr må gjerast seinast ei veke før leieperioden startar.

6. Leietakar forpliktar seg til å ta vare på utstyret på best mogleg måte, og ikkje låne eller bytte det ut, eller skilje seg frå det på annan måte. Leigetakar er ansvarlig for all skade som oppstår på leigt utstyr, uansett skadetype og årsak. Utstyret skal ikkje nyttast utandørs, i fuktige eller støvete miljø utan utleigar sitt samtykke.

7. Tilbakelevert defekt utstyr blir reparert av Lirum Larum, og reparasjonskostnadene blir fakturert leigetakar. Eventuell manko blir kjøpet inn av Lirum Larum, og fakturert leigetakar med brutto kostnader.

8. Lirum Larum har ansvar for at utleigd utstyr er funksjonsdyktig ved utlevering. Eventuelle manglar gir ikkje leigetakar høve til å oppheve avtalen, såframt Lirum Larum innan rimeleg tid søker å bringe forholdet i orden. Leigetakar kan uansett ikkje krevje erstatning utover den forholdsmessige del av leiesummen. Lirum Larum tek ikkje ansvar for eventuelt tap eller ekstra kostnader leigetakar måtte få seg som fylgje av svikt på noko av det eigde utstyret.